

Sak: 49/19: Innspill til nye programfag på VGS 2020 – Innspel frå Austrheim vidaregåande skule

E-post frå Helge Dyrkolbotn, Avdelingsleiar yrkesfag, Austrheim vidaregåande skule til politikarane i Opplæringsutvalet:

Hei

Eg sender her litt informasjon om dei ynskja vi ved Austrheim vidaregåande skule har for skuleåra framover. I Nordhordland/Gulen har det vore jobba hardt med å kartleggja kva behov næringslivet har for utdanna fagfolk. Dette finn de informasjon om i rapporten «[Kompetanse og utdanning i Nordhordland](#)». Vi som utdanningsinstitusjon ynskjer å møta behovet frå næringslivet og det offentlege, og har difor søkt om å få oppretta nye linjer ved skulen.

Som de ser av vedlegget så dreier dette seg om

1. Naturbruk vg1/akvakultur vg2
2. Helsearbeiderfag vg2
3. Restaurant og matfag vg1/kokk- og servitørfag vg2

Vi har solid støtte for desse 3 linjene frå næringslivet og kommunane i regionen.

Vi håper at de i møte i *Hovudutval for opplæring og kompetanse 2/12* vurderer innspela våre grundig og godt. Vi meiner at det er gode grunnar til å leggje til rette for desse linjene her ved Austrheim Vidaregåande skule.

Innspel til klasseksaka – Dimensjonering av utdanningstilbodet i Hordaland/Vestland

1. Naturbruk – Akvakultur

Austrheim vgs har ynskje om å opprette vg1 **naturbruk** frå skuleåret 2020/21 og vg2 **akvakultur** frå skuleåret 2021/22, og har gjort eit grundig forarbeid.

Arbeidet vårt med oppretting av eit utdanningstilbod i naturbruk/akvakultur har blitt svært positivt tatt i mot av oppdrettsnæringa i Norhordland, Gulen og Solund, og dei har allereie til saman sagt at dei har 25-27 læreplassar.

Regionen har mange oppdrettsanlegg der store aktørar er involvert. Havbruksnæringa rapporterer om kompetansebehov, noko som vert underbygd av rapporten [Kompetanse og utdanning i Nordhordland](#). Nærmaste utdanningstilbod innan naturbruk/akvakultur er Austevoll og Fusa i sør og

Måløy i nord. Nye Vestland treng eit slikt utdanningstilbod geografisk mellom desse utdanningstadane.

Det er gitt tilbakemeldingar frå ungdomsskulane i regionen som Austrheim vgs rekrutterar elevar frå om behov for utdanningstilbod i naturbruk/akvakultur. Dette på grunn av at det er etterspurt av elevane.

Austrheim vgs ser føre seg organiseringa av vg1 etter tradisjonell modell, medan tilboden på vg2 vert organisert etter tilsvarande vekslingsmodell som me no prøvar ut på vg2 byggeteknikk, der elevane tek ein større del av programfaga ute i praksis i bedrift. Dette betyr at ein slepp investering i dyrt utstyr og utdanningskonsesjon. På vg1 vil eit godt samarbeid med dei to visningssentera på Marøy (Radøy) og Byrknes (Gulen) kunne spele ei viktig rolle. For å dekke den praktiske delen av opplæringa innan landbruk og gartnenærings vil ein ha samarbeid med gardsbruk. Opprettig av ein klasse vil såleis ikkje innebere investeringar i dyrt utstyr. Austrheim vgs har klar lærar med godkjend pedagogisk utdanning og fagleg utdanning og erfaring innan programområdet.

2. Helsearbeidararfag

Austrheim vgs har inneverande og neste skuleår tilbod om vg1 helse- og oppvekstfag og vg2 barne- og ungdomsarbeidararfag. Frå skuleåret 2020/21 er det ynskje om å opprette $\frac{1}{2}$ klasse vg2 helsearbeidararfag og redusere barne- og ungdomsarbeidararfag tilsvarende